



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	08.09.2015	085/15

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Tonje Sagvaag	N - 111.2	15/2687

Høyringsuttale: Forslag om endring i eigedomsbeskatning av verk og bruk

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune tilrår formannskapet å vedta følgjande høyringsuttale:

1. Etne kommune stiller seg bak KS si høyringsuttale av 21.08.2015. Kommunen er sterkt negativ til begge føreslåtte alternativ til endringar i eigedomsskattelova.
2. Kommunen vil ved gjennomføring av føreslåtte endringar i eigedomsskattelova mista ca 1,5 millionar i eigedomsskatteinntekter. Dette vil kunne føre til negative konsekvensar for drifta i kommunen.
3. Etne kommune meiner kommunane etter lokaldemokratiske avvegingar må behalde både retten og fleksibiliteten til å kunne skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr.
4. Endringar i eigedomsskattelova som medfører så store konsekvensar for kommunesektoren må vera drøfta i eit bredt samansett utval som også har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei slik eventuell lovendring vil få, samt eventuelle overgangs- og/eller kompensasjonsordningar.

08.09.2015 Formannskap

F- 085/15 Vedtak:

Samrøystes

Etne kommune tilrår formannskapet å vedta følgjande høyringsuttale:

1. Etne kommune stiller seg bak KS si høyringsuttale av 21.08.2015. Kommunen er sterkt negativ til begge føreslåtte alternativ til endringar i eigedomsskattelova.
2. Kommunen vil ved gjennomføring av føreslåtte endringar i eigedomsskattelova mista ca 1,5 millionar i eigedomsskatteinntekter. Dette vil kunne føre til negative konsekvensar for drifta i kommunen.
3. Etne kommune meiner kommunane etter lokaldemokratiske avvegingar må behalde både retten og fleksibiliteten til å kunne skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, inklusiv produksjonsutstyr.
4. Endringar i eigedomsskattelova som medfører så store konsekvensar for kommunesektoren må vera drøfta i eit bredt samansett utval som også har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei slik eventuell lovendring vil få, samt eventuelle overgangs- og/eller kompensasjonsordningar.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Finansdepartementet sendte 18. juni 2015 eit nytt lovforslag om «Eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk» ut på høyring.

Framlegget byggjer på det regjeringa utgått frå Høgre og Fremskrittspartiet uttalte om eigedomsskatt i Sundvolden-erklæringa: «Frita fastmonterte, ikke-integrerte maskiner fra eiendomsskatt i industrianlegg (gjelder ikke kraftanlegg)».

Høyringsfristen er sett til 18. september 2015.

Problemstilling

I høyringsnotatet vert det lagt fram to alternative forslag til endring av eigedomsskattereglane for produksjonsutstyr og -installasjonar:

«Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og -installasjoner skal fritas for eiendomsskatt.

Alternativ 2 fjerner verk og bruk som egen kategori og det vil derfor ikke lenger være mulig å kun ha eiendomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk vil dermed eiendomsbeskattes som alminnelig næringseiendom. Dette innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner fritas for eiendomsskatt, og det gir økt likebehandling mellom ulike typer næringseiendom. Eiendomsbeskatning etter reglene for

alminnelig næringseiendom medfører også at gjenanskaffelsesprinsippet ikke lenger gjelder som hovedregel for verdsettelse. Ingen av alternativene medfører endringer i verdsettelsen av vannkraftanlegg».

Det vert i begge alternativ foreslått å fjerne «*produksjonsutstyr og –installasjoner*» frå eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk. I alternativ 2 vert det i tillegg føreslått at «*verk og bruk*» vert fjerna som eigen kategori, og at eigedommar som tidlegare vart kategorisert som verk og bruk skal handsamast som anna næringseiendom, og når det gjeld takseringsmetode. For nærare skildring av innhaldet i lovforslaga, vert det vist til KS sin høyringsuttale.

I høyringsnotatet skriv departementet at forslaget vil gi ei klarere og mindre skjønsmessig avgrensing enn dagens regel, då den vanskelege vurderinga av om produksjonsutstyret er tilstrekkelig integrert i anlegget vil falle bort. Dette vil i følgje departementet medføra lågare administrasjonskostnader for kommunen og færre tvistesaker. Departementet skriv og at forslaget vil medføre større likskap i eigedomsskattlegginga av verk og bruk og andre næringseiendommar.

Forslaga vil ha store konsekvensar for kommunane, både når det gjeld reduksjon i eigedomsskatteinntekter og i sjølvråderetten.

Det vert presisert at åtgangen til å skrive ut eigedomsskatt på vasskraftverk vert ståande, og dermed fortsatt skal verte satt på bakgrunn av kraftverka sin likningsverdi.

Vurdering

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Finansdepartementet sendte 18. juni 2015 ut på høyring eit nytt lovforslag om «Eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk».

Framlegget byggjer på det regjeringa utgått frå Høgre og Fremskrittspartiet uttalte om eigedomsskatt i Sundvolden-erklæringa: «Frita fastmonterte, ikke-integrerte maskiner fra eiendomsskatt i industrianlegg (gjelder ikke kraftanlegg)».

Høyringsfristen er sett til 18. september 2015.

Problemstilling

I høyringsnotatet vert det lagt fram to alternative forslag til endring av eigedomsskattereglane for produksjonsutstyr og -installasjonar:

«Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og -installasjoner skal fritas for eiendomsskatt.

Alternativ 2 fjerner verk og bruk som egen kategori og det vil derfor ikke lenger være mulig å kun ha eiendomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk vil dermed eiendomsbeskattes som alminnelig næringseiendom. Dette innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner fritas for eiendomsskatt, og det gir økt

likebehandling mellom ulike typer næringseiendom. Eiendomsbeskatning etter reglene for alminnelig næringseiendom medfører også at gjenanskaffelsesprinsippet ikke lenger gjelder som hovedregel for verdsettelse. Ingen av alternativene medfører endringer i verdsettelsen av vannkraftanlegg».

Det blir i begge alternativ foreslått å fjerne «produksjonsutstyr og –installasjoner» frå eiedomsskattegrunnlaget for verk og bruk. I alternativ 2 vert det i tillegg føreslått at «verk og bruk» blir fjerna som eigen kategori, og at eiedommar som tidlegare vart kategorisert som verk og bruk skal handsamast som anna næringseigedom, og når det gjeld takseringsmetode. For nærare skildring av innhaldet i lovforslaga, vert det vist til KS sin høyringsuttale.

I høyringsnotatet skriv departementet at forslaget vil gi ei klarere og mindre skjønsmessig avgrensing enn dagens regel, då den vanskelege vurderinga av om produksjonsutstyret er tilstrekkelig integrert i anlegget vil falle bort. Dette vil i følgje departementet medføre lågare administrasjonskostnader for kommunen og færre tvistesaker. Departementet skriv og at forslaget vil medføre større likskap i eiedomsskattlegginga av verk og bruk og andre næringseigedommar.

Forslaga vil ha store konsekvensar for kommunane, både når det gjeld reduksjon i eiedomsskatteinntekter og i sjølvråderetten.

Det vert presisert at åtgangen til å skrive ut eiedomsskatt på vasskraftverk vert ståande, og dermed fortsatt skal verte satt på bakgrunn av kraftverka sin likningsverdi.

Vurdering

Begge alternativa i høyringsnotatet inneber i realiteten ei svært omfattande avvikling av eiedomsskatt på «verk og bruk». For verk og bruk vil ofte den verkelege verdien ligge i nettopp produksjonsutstyr og –installasjonar. Det er positivt at vasskraftanlegg blir held utanfor i forslaget, men det er kunstig å skilje mellom vasskraftanlegg og andre produksjonsanlegg og installasjonar som tar ut like mye ressursar og som gjer like store naturinngrep.

I praksis vil det for eiedommar som i dag er kategorisert som «verk og bruk» berre vere sjølv bygningen og tomta som vert ståande igjen som skatteobjekt. Endringane føreslått i høyringsnotatet vil dermed føre til svært store inntektsreduksjonar for kommunane – truleg langt større enn dei 1,2 milliardane Finansdepartementet har estimert i notatet. KS reknar – på bakgrunn av ei spørjeundersøking der 222 av 343 kommunar med eiedomsskatt svarte – med at inntektstapet for kommunane vil vere på minst 1,7 milliardar. I tillegg kjem eventuelle kostnader ved omtaksering, som KS svært skjønsmessig har satt til å utgjere ca. 85 millionar.

For Etne kommune vil eventuelle endringar føre til ein svært merkbar reduksjon i eiedomsskatteinntektene frå verk og bruk. Etne kommune fekk i 2015 kr 5 942 959 i skatteinntekter frå verk og bruk. Inntektene fordelte seg slik:

Eiedomsskatt verk og bruk, fordeling 2015	
Vasskraft	4 278 288

Linjenett	1 223 880
Anna infrastruktur	170 163
Oppdrettsanlegg	10 752
Andre eigedommar	259 876
Totalt verk og bruk	5 942 959

Skulle forslaga i høyringsnotata verte tekne til følgje, vil dette føre til bortfall av inntekter på produksjonsutstyr, linjenett, anna infrastruktur og fiskeoppdrettsanlegg. Med tala frå 2015, ville dette gi eit årleg inntektstap på nær 1,5 millionar:

Eigedomsskatt, stipulert bortfall med nytt forslag	
Produksjonsutstyr	75 145
Linjenett	1 223 880
Anna infrastruktur	170 163
Oppdrettsanlegg	10 752
Totalt bortfall	1 479 940

Frå og med 2017 er det i Økonomiplanen for 2015-2018 lagt inn eit anslag på kr. 500 000 i eigedomsskatt frå setjefiskanlegget til Marine Harvest på Fjæra. Sjølv om oppdrettsanlegg etter forslaga i høyringsnotatet fortsatt kan skattleggjast, skal slike anlegg handsamast på linje med næringsseigedom. Dette gir potensielt lågare eigedomsskatteinntekter, då desse skatteobjekta i all hovudsak består av produksjonsinstallasjonar og produksjonsutstyr. Inntektsreduksjonen vil dermed dei neste åra vere enda høgare enn 1,5 millionar.

Eit så stort bortfall av inntekter vil få negativ innverknad på drifta i kommunen, noko som truleg vil gå utover viktige tenester som skule og helse og omsorg. Kommunen er allereie i ein utfordrande økonomisk situasjon, og har vedteke betydelege innsparingar i drifta og auke i eigedomsskatt frå bustader og fritidsbustader dei neste åra. For å oppretthalde tenestetilbodet kan kommunen sjå seg nøydte til å skru opp eigedomsskatten for dei øvrige skatteobjekta i kommunen, altså bustad, fritidsbustad og næringsseigedom. Alternativet er nedbygging av tenestetilbod. Uansett løysing vil mykje av byrdene kunne gå utover innbyggjarane i kommunen.

I tillegg til inntektsreduksjonen, vil omtaksering av verk og bruk vere naudsynt, spesielt viss alternativ 2 vert gjennomført, og verk og bruk skal takserast etter dei same prinsippa som anna næringsseigedom. Takseringsfirmaet Jeessaa AS bisto hausten og vinteren 2014/2015 Etne kommune med taksering av alle eigedommar i kommunen. Prisen for taksering av verk og bruk vart ca kr. 300 000. Desse må, om forslaga vert tekne til følgje, takserast på nytt. Det er ingen tvil om at lovforslaga vil føre til store tap for Etne kommune.

Lovforslaga har og viktige prinsipielle konsekvensar. Eigedomsskatt på verk og bruk er ei viktig inntektskjelde for mange distriktskommunar, og sikrar at distriktskommunen (som vertskommune) får inntekt på lokal verdiskapning. Dette kompenserer for naturinngrep, uttak av ressursar og tilrettelegging. Dermed er eigedomsskatten eit viktig incitament for

nyetableringar, og ein del av samfunnskontrakten mellom kommune og næringsliv. Forslaget vil føre til at dette incitamentet forsvinn.

Også omsynet til lokaldemokratiet tilseier at forslaga ikkje bør takast til følgje.

Eigedomsskatten er den einaste skatten som kommunen i praksis sjølv har styring med, og den einaste skatteforma der heile den utskrivne skatten vert verande fullt ut i kommunen sin kontroll. Det er kommunestyret som vedtek om, i kva grad, og på kva objekt kommunen skal innføre eigedomsskatt. I ei tid der overføringane frå stat til kommune i stadig større grad vert bundne opp av lovpålagte oppgåver, gir eigedomsskatten kommunane handlingsrom til både å løyse oppgåver som er viktige på det lokale plan, og til å makte å gjennomføre dei lovpålagte oppgåvene med tilstrekkeleg kvalitet. Forslaga i høyringsnotatet svekker kommunen si styring over kva objekt som skal skattleggjast. Vidare gjer dei reglane om utskriving av eigedomsskatt mindre fleksible.

Implementering av forslaga vil og føre til ei overføring av verdiar frå kommunane til staten. Eigedomsskatten kjem til frådrag i berekinga av selskapsskatt, og 27% av inntektstapet for kommunane vil dermed ikkje kome dei næringsdrivande til gode, men gå til staten i form av auka selskapsskatt. Dette går på tvers av regjeringa sine løfter i Sundvolden-erklæringa om å styrke kommunane sine inntektsgrunnlag og løftet om at kommunane skal få behalde ein større del av inntekter frå verksemd som skjer lokalt.

Det er ingen tvil om at forslaga i høyringsnotatet vil ha store konsekvensar for kommunane. Ein kan derfor stille fleire spørsmål ved måten prosessen så langt har gått føre seg. Høyringsnotatet vart utan nærare varsel sendt ut like før ferieavvikling og med svært knapp høyringsfrist. Vidare manglar det drøfting av prinsipielle og viktige sider ved eigedomsskatten kva gjeld omsyn til lokaldemokratiet og lokalt sjølvstyre. Departementet har heller ikkje gitt nokon grundig undersøking av eventuelt provenytap for kommunane, men gir heller kommunane oppgåva med å gi tal og anslag innanfor den svært korte høyringsfristen. Til sist manglar notatet drøftingar om inntektskompensasjon eller overgangsordningar for kommunane. Endringar i eigedomsskattelova som medfører så store konsekvensar for kommunesektoren som skissert over, bør verte drøfta i eit breitt samansett utval som og har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei slik eventuell lovendring vil få. Det er ikkje gjort her.

I høyringsnotatet vert det framheva at fritaking av produksjonsutstyr vil føre til færre tvistesaker og større likskap mellom kommunane kva gjeld taksering. Takseringspraksis på området i dag har kome på plass gjennom rettspraksis. For å sikre færre tvistesaker og likare praksis kommunane imellom, ville ei betre løysing vere å utarbeide nasjonale reglar eller retningslinjer for takseringsarbeidet. Slik kan kommunane behalde retten og fleksibiliteten til å kunne skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, inkludert produksjonsutstyr.

Som drøfta over, vil lovforslaga vil føre til ein kraftig reduksjon i eigedomsskatteinntekter frå verk og bruk, samstundes som dei innskrenkar lokaldemokrati og sjølvstyre. Etne kommune kan på bakgrunn av dette ikkje støtte forslaga i høyringsnotatet. Desse vurderingane er på linje med høyringsuttale frå Kommunenes Sentralforbund, og resolusjonen frå LVKs landsmøte 21. august 2015, og vi viser til desse for vidare drøfting av saka.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.08.2015	KS - Høringsuttalelse- Verk og bruk - 21082015	1334623
27.08.2015	Resolusjon fra LVKs landsmøte i Kristiansand 21.08.2015	1334624

Saksgang:

Formannskapet.

Utskrift med vedlegg til:

Vegard Bang for vidare handsaming.

Utskrift til: